



HERØY KOMMUNE

FELLESSEKRETARIATET

Landbruks- og matdep.	
2006 100031 - 3	
18 FEB 2006	
ASE/ASRL	
IEK	161

Dato: 14.02.2006

Journal: 2005/000926

Arkiv: V84-&13

Vår ref.: ENR

Dykkar ref.:

Dykkar brev av:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Landbruks- og matdepartementet, Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo

F-SAK 17/06. HØYRING - NY FORSKRIFT OM SKOGFOND M.V.

Vedlagt følger:

- saksutgreiing og protokoll i F-sak 17/06.

Herøy formannskap handsama saka i møte 31.01.06 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

"Herøy kommune viser til høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet om ny forskrift for skogfond m.v. og har ikkje merknader til høyringsutkastet."

Else Nordstrand Reite

e.f.

Kopi:

Utviklingsavdelinga,her.

Saksprotokoll frå Formannskapet

017/06 HØYRING - NY FORSKRIFT OM SKOGFOND M.V.

Sakshandsam Hallvard Rusten - UTV

ar:

Dato: 14.02.2006

Arkivref.: 2005/000926-2 / V84-&13

Utval	Møte- dato	Utvals- saksnr.	Beh.- status	Avgjerande organ
Formannskapet	31.01.2006	017/06	BE	Ja

(Status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig handsama, UT=Utsett, TB=Tilbakeført til forrige utval)

Melding vert sendt til:

-partar i saka Landbruks- og matdepartementet
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Utviklingsavdelinga, her.

-andre

Dokument vedlagt saka:

Andre dokument i saka:

Høyringsutkast frå Landbruks- og matdepartementet

Klagerett:

Nei

Framlegg frå rådmannen:

Herøy kommune viser til høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet om ny forskrift for skogfond m.v. og har ikkje merknader til høyringsutkastet.

Møtebehandling:

Formannskapet ønskte ei orientering frå landbrukssjefen ved høve. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Herøy kommune viser til høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet om ny forskrift for skogfond m.v. og har ikkje merknader til høyringsutkastet.



Saksbehandler: HR-UTV-UTV
Journal: 2005/000926

Dato: 23.12.2005
Arkiv: V84-&13

HØYRING - NY FORSKRIFT OM SKOGFOND M.V.

BAKGRUNN FOR SAKA

Landbruks- og matdepartementet har sendt til høyring utkast til ny forskrift om skogfond m.v. Landbrukssjefen har gått gjennom saka og med brev av 15.12.05 oversendt si tilråding til uttale med tanke på vidare behandling i kommunen/formannskapet.

SAKSOPPLYSNINGAR

Landbrukssjefen sin uttale er attgjeve fullt ut i det som no følgjer:

Høyring – Ny forskrift om skogfond m.m.

Landbruks- og matdepartementet har sendt til høyring utkast til ny forskrift om skogfond m.m.. Høyringsfrist er sett til 12. desember 2005.

Den nye lova om skogbruk (skogbrukslova) fastsett 27.mai 2005, skal tre i kraft frå 1.januar 2006. I §§ 14-16 i den nye lova er det gitt føresegner om skogfond m.v. som kjem i staden for føresegnene om skogavgift, rentemidlar, måling av tømmer i den gjeldande skogbrukslova. Det er derfor nødvendig med nye utfyllande reglar på desse områda, og det er dette høyringsutkastet omhandlar.

Høyringsutkastet inneber at det for framtida berre skal vere ei forskrift. 4 forskrifter gitt i medhold av den gjeldande skogbrukslova blir med det oppheva, og høyringsutkastet er slik sett eit forenklingstiltak. Reglane er elles også noko nedkorta og justert i høve til gjeldande praksis og nye system for kontoføring.

Herøy kommune gir slik uttale:

Herøy kommune viser til høyringsbrev frå LMD om ny forskrift om skogfond m.m. og har ikkje merknadar til høyringsutkastet.

VURDERINGAR

Rådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka ut over det som går fram av landbrukssjefen sin uttale og vil tilrå at formannskapet sluttar seg til dette forslaget som kommunen sin høyringsuttale.


Rune Sjørgard


Hallvard Rusten